



Frekhaug , 05.01.2023

## **Uttale frå landbruksavdelinga til planinitativ Holme, gnr 310 bnr 5,14 m.fl PlanID 4631202x0xx**

Landbruksavdelinga har fått planinitativ på Holme gnr 310. bnr 5, 14 m.fl til uttale. Etter ei samla vurdering av plan så meiner vi at det ikkje er tilrådeleg å omdisponere dette arealet til boligføremål.

Arealet slik det fremstår i dag er eit større samanhengande landbruksareal på 288 daa (43,2 daa fulldyrka jord, 32,2 daa overflatedyrka jord, 31,3 daa inmarksbeite, 123,9 daa produktiv skog og 57,4 daa anna markslag)

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4631/310/5/0?gardskartlayer=ar5kl7>

Planområdet utgjør ca 87,4 daa. Av dette arealet så er det 15 daa fulldyrka jord, 9 daa overflatedyrka jord og 8 daa inmarksbeite.

Landbruksavdelinga har merknadar til nokre av punkta i planinitativet, både når det gjeld verknad på landbruk og omsyn til naturmangfald i planområdet:

-I planinitativet kap 5.1 på side 10 står det at det er «låg frukbarheit i områda, og arealet gir ikkje drivverdig underlag»


Uavhengig av drifta som er på arealet i dag så har matjord eit sterkt nasjonalt vern. Stortinget har vedtatt at matproduksjon i Norge skal økes med 20 prosent fram til 2030. Matjord er ein knapp og ikkje-fornybar ressurs og stortingets vedtatte jordvernmål er pr no maks 3000 dekar omdiponert jordbruksjord årleg.

Omdisponering av dette jordbruksarealet i planinitativet er da rundt 1% av nasjonalt mål pr år.

Inneklemte og tettstadsnære jordbruksarealer har verdi for lokal, småskala matproduksjon, miljøkvalitet i urbane miljøer, opplevingar og læring. Jordvern er difor også vern av tettstadenes miljø.

Landbruksavdelinga meiner at avlingsnorm og tilstand på areala i dag ikkje sei noko om fruktbarheiten til arealet, men det kan sei noko om drifta eller andre forhold. God agronomi, altså gjodsling, hausting og jordarbeiding til rett tid og i rett mengde, saman med ugrasbekjempelse og syta for optimal drenering av areala (altså vanleg jordbruksdrift) vil ein kunne ha gode avlingar på eit slikt areal og vi meiner det ikkje er grunnlag for å sei at areala ikkje gir eit drivverdig underlag utan vidare. Ein må sjå på areala i sin heilhet. I nordhordland har vi mange små gardar og det er det som er vårt ressursgrunnlag. Den vanlegaste storleiken på gardar i Alver har eit

jordbruksareal på 20-49 daa. (737 stk) Det er viktig å ta vare på dei areala som vi har og kanskje spesielt dei som er samanhengande for å gi best mogleg drivegrunnlag for bonden og best mogleg økonomi i drifta, samleis med at vi tar vare på ressursen til fremtida og vår felles mattryggleik.



Alver er den kommunen i Vestland med mest vinterføra sau (ca 16 500 stk) og saueneøringa er 33% av verdiskapinga i jordbruket vårt.

<https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/vestland/kommuner/alver/>

I 2022 var det 358 bønder som dreiv med sau. Det vil sei i snitt 46 vinterføra sau pr gard. Alle dei små einingene og gardane utgjør heilheten av jordbruksdrifta i Alver og alt jordbruksarealet er viktig, om det er lite eller stort når ein ser på heilskapen.

Ein kan i teorien vinterføre ca 30 sau på jordbruksarealet i planinitativet som det er søkt omdisponering for med ei gjennomsnittleg bra drift.

30 vinterføra sau vil på dette arealet kunne gi grunnlag for ca 130 000 kr i tilskot til den som driv areala. Altså 15 daa fulldyrka jord, 9 daa overflatedyrka jord og 8 daa innmarksbeite.

\*berekningsgrunnlag vedlagt

I planinitativet under punkt 5.1 Landbruk side 10 står det at «etablering av nye bustadar (..) ikkje er i vesentleg konflikt med omsynet til landbruket»

Slik bustadane er teikna inn i plan vil dei vere tett inntil dyrkamark. Dette meiner vi er uheldig då det legg til rette for at det blir konflikt mellom jordbruksdrift på det arealet som blir liggande i midten og dei som bur der.

Utforminga på planinitativet og løysingane for plassering av boliger gjer også at det gjenværende jordbruksarealet blir ganske inneklemd.

Kvar gong bonden skal ut å spreie møk i vekstseseongen så vil det moglegvis være plage for dei som bur der med lukt og støy, samt sannsynlegheiten for at det blir køyring kveldstid og i helger under innhausting er tilstades. Det er også når det er fint



vør og folk vil vere utendørs i hagane sine at arbeidet på enga stort sett må foregå. Dette er ei vanleg kjelde til konflikt.

Ei anne vanleg interessekonflikt er ferdsel på dyrkamark. Det er viktig at det blir lagt til rette for at dei som evt skulle ha budd der har gode gangstiar og løysingar for ferdsel som gjer at dei ikkje begynner å krysse dyrkamark for å kome seg til dømes til Kiwi eller anna infrastruktur

Tilkomst til landbruksarealet som ligg rett utenfor planområdet må også sikrast. Dette er nødvendig for å syte for forsvarleg og rasjonell jordbruksdrift.

For at det ikkje skal bli interessekonflikt mellom bebuare og jordbruksdrift så bør tilkomsten til landbruksarealet legges slik at det kjem i minst mogleg konflikt med bebuare sin bruk av veg til bustad

#### Naturmangfald

I kap. 5.2 side 11 i planinitativet så er det kommentert verknad på naturmangfald. Bekken som går gjennom planområdet er ikkje omtalt i planinitativet som vi kan sjå Bekken starter i myrområdet som er omtalt i plana under naturmangfald. Den er ein del av Holmeelva som er eit kartlagt sjøaurevassdrag. Videre renn den østover og er ein del av vassystemet «Herdlefjorden sidebekker nord»

<https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/059-20-R> Denne bekken har økologisk tilstand «dårleg».

Vi saknar omtale i plan om korleis det er tenkt at utbygging i dette området skal ta omsyn til bekken, dens rolle i det lokale økosystemet (t.dømes anadrom fisk) og korleis vasskvaliteten skal ivaretakast og forbetrast. Slik boligane er teikna inn i kart så ligg dei rett oppå bekken.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

#### **Maya Greve**

Rådgivevar Landbruk  
Telefon: 56 37 56 46



Vedlegg:

Tala er basert på talgrunnlag frå landbruksdirektoratet og Nortura  
Dei er teoretiske og berekna utifra den informasjonen vi har tilgjengeleg i saka.

Grunnlag dyretal:

Om ein går utifra ei normavling på 500 foreiningar (FEm) pr daa haustbart areal (overflate,fulldyrka areal) på 15 daa fulldyrka jord og 9 daa overflatedyrka jord vil dette gi om lag 12 000 FEm hausta før

Normavling i vårt område er normalt sett berekna til 540 FEm

For å vedlikehaldsføre ein sau i vintersesongen krev den ca 1 FEm pr/døgn

Viss ein tenker seg at ein har inneføring 7 mnd i året à 31 dagar pr mnd vil dette gi

55 FEm tilgjengeleg pr dag i før. Drektige sauer har større behov for før, spesielt i slutten av drektigheten enn 1 FEm pr dag etter kor mange lam og kor godt hald den er i, og det kan også vere andre variablar som gjer at det går meir før. Om det er mykje førsvinn m.m. Difor er ikkje dyretalet satt til 55, men 30.

Grunnlag produksjonstilskot:

1885 kr pr vaksen sau	56 550 kr	
Beitetilskot 60 kr pr dyr	1 800 kr	
Utmarksbeitetilskot 300 kr pr dyr	9 000 kr	
Kulturlandskaptilskot 265 kr pr daa		8 480 kr
Arealtilskot grovførproduksjon sone 5B, 405 kr/daa		12 960 kr
Sum produksjonstilskot		88 790 kr

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/produksjonstilskudd-og-avlosertilskudd-i-jordbruket/produksjonstilskudd-og-avlosertilskudd--endelige-satser>

I tillegg kjem tilskot for slakt

I snitt på landsbasis er ant slakta lam pr søye 1,6 lam for NKS (Norsk kvit sau)

Det blir ca 48 slakta lam i ein flokk med 30 vinterføra søyer.

Om ein går ut ifra ei heilt gjennomsnittleg slaktevekt om hausten på 15 kg pr lam og ein slakteklasse O+ kan det gje eit slaktetilskot på rundt 48 kr/kg og eit kvalitetstillegg på 484,29 kr/ pr lam (basert på tal frå Nortura haust 2022)

Sum slaktetilskot: 41 820

Sum tilskot totalt: 130 610